



Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartement  
Postboks 8036 Dep.  
0030 OSLO

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 56 88 11  
E: postmottak@fmro.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Høyring – Forslag til endringar i lov 17. juli 1992 nr. 100 om barneverntenester (barnevernlova) med tilhøyrande forskrifter

Vi viser til høyringsnotat av 05.09.12.

Fylkesmannen i Rogaland sitt høyringssvar har kommentarar til følgjande delar:

1. Forslaga i del 2 - OPPGAVE OG FINANSIERINGSANSVARET
2. Forslaga i del 3 – STYRKET RETTSSIKKERHET FOR BARNA I BARNEVERNET

- Samhandlingsproblematikk

Vi støttar departementets forslag om å utarbeide ei eiga forskrift om samhandlinga mellom stat og kommune ved plassering av barn utanfor heimen. Ei forskrift vil bidra til å tydeleggjere ansvaret i kommunane og staten. Vi er einig i at utgreiingsansvaret fullt ut skal liggje i kommunane. Vi er ikkje einige i at forskrifta skal gjere det mogleg for staten å påleggje ytterlegare utgreiingar frå kommunen. Det kan forseinke sakshandsaminga. Ei slik bestemming føreset at staten har høgare kompetanse i utgreiingsverktøy eller liknande, noko som ikkje alltid er tilfelle. Det signaliserer også at staten kan overprøve kommunane, noko lova ikkje legg opp til. Tilstrekkeleg utgreiing er avgjerande for at rett tiltak vert valt, og dette må etter vår vurdering bli gjort i eit samarbeid mellom stat og kommune.

Vi vil leggje til at det også er avgjerande at staten kan tilby kompetente tiltak, og at omfanget er stort nok. Dersom kommunen skal få eit større ansvar for å betale det eit tiltak kostar, vil det vere naturleg at dei og er med på å velje kva for fosterheimar og institusjonar dei ønskjer. Departementet legg til grunn at noverande ordning med at staten har siste ordet ved val av institusjonsplass, skal vidareførast. Vi er einige i dette, men vi vil understreke at det her må leggjast vekt på at kommunane får auka påverknad i val av tiltak. Tilbodet må differensierast og bli utvikla vidare for å sikre kvaliteten på dei statlege tenestene. Fylkesmannen har over tid vore bekymra for kvaliteten på dei statlege institusjonane i Rogaland. Vi vil understreke kor viktig det er å sikre kompetente, robuste, stabile og endringsvillige institusjonar og god nok kvalitet på fosterheimane.

Når det gjeld staten si faglege rolle overfor kommunane, er Fylkesmannen einig i at det er viktig å vidareføre staten sitt ansvar for kunnskapsoppbygging og kompetanseheving i barnevernet. Det er foreslått ei forenkling av fagteamas rolle, slik at den faglege oppgåva i enkeltsaker blir konsentrert til hjelp ved plasseringar utanfor heimen. Fylkesmannen meiner at det er hensiktsmessig å endre staten sitt faglege oppdrag overfor kommunane frå dagens operative rolla til ei generell fagleg rolle

overfor kommunane. Fylkesmannen viser til Bufdirs rolle som ansvarleg for Bufetats operative rolle og den samtidige generelle faglege rolla. Fylkesmannen stiller spørsmål ved om dette kan gå utover kommunens sjølvstendige ansvar og handlefridom. Fylkesmennene er på andre område tillagt utviklingsoppgåver og kompetansehevingstiltak. Vi reiser spørsmålet om det ikkje heller vil vere hensiktsmessig at fylkesmennene får eit større ansvar for staten si faglege rettleiingsrolle overfor kommunane.

- Til forslaget om endringar i oppgåve og finansieringsansvaret

Fylkesmannen er bekymra for dei små kommunane. I dei 26 kommunane i Rogaland har 13 kommunar mindre enn 10 000 innbyggjarar, og berre fire av kommunane er del av eit vertskommunesamarbeid. Småkommunane vil vere svært sårbare når det gjeld kompetanse, kapasitet og finansiering av tiltak. Særleg gjeld dette for barn med behov for omfattande hjelpetiltak eller plassering utanfor heimen, forsterka dersom faglege rettleiing frå Bufetat i enkeltsaker fell bort og tiltak blir betydeleg meir kostnadskrevjande for kommunen. Departementet legg til grunn at den enkelte kommunen sjølv må utvikle budsjettordningar og inngå avtalar med andre kommunar slik at dei kan handtere dette. Fylkesmannen meiner at det er behov for å vere tydelegare overfor kommunane. Kommunane har tradisjon for å organisere kompetansetiltak og opplæring i samarbeid med kringliggjande kommunar, men det er ei utfordring å få brei nok kompetanse og å halde på kompetansen. Høyringa drøftar i liten grad kva som er forsvarleg barnevernteneste i kommunane når det gjeld talet på tilsette. Departementet har i lang tid arbeidd for å stimulere kommunane til å inngå vertskommunesamarbeid. Dette har resultert i at nokre kommunar har inngått avtale med nabokommunar, men det er framleis mange kommunar som ikkje deltek i slikt samarbeid.

- Til pkt. 20 Tilsyn og kontroll med barn i fosterheim

Fylkesmannen er samd i at det er eit stort behov for å styrkje tilsynet med barn i fosterheimar, og at ein bør leggje til rette for eit meir profesjonalisert tilsyn. Departementet foreslår at tilsynsansvaret skal leggjast til kommunen, og ikkje til den einskilde barneverntenesta. Dette fører med seg at det vil vere opp til kommunen sjølv å vurdere kva organ internt i kommunen som skal ha det overordna administrative og faglege ansvaret for kommunen si tilsynsoppgåve. Kommunen kan velje ulike måtar å organisere arbeidet på. Fylkesmannen kan ikkje sjå at ei slik ordning i seg sjølv vil føre til at tilsynet blir betre. Fylkesmannen meiner det er viktig at tilsynsarbeidet blir prioritert høgare, og at dei som utfører tilsyna har god nok kompetanse på barns utvikling og behov, samt har kompetanse til å snakke med barn. Vidare er det viktig å utarbeide ein tilsynsmetodikk og gi tilsynsførarar tilstrekkeleg opplæring. Det bør vurderast å stille meir konkrete kompetansekrav, t.d. at ein i utgangspunktet krev treårig relevant høgskoleutdanning for dei som skal vere tilsynsførarar. Det kan då ev. gjerast unntak for personar som t.d. kjenner barnet og har personlege eigenskapar eller erfaringar som gjer dei eigna til oppdraget. Fylkesmannen er usikker på om desse tiltaka i tilstrekkeleg grad vil styrkje tilsynet og tilsynets legitimitet. Det bør derfor utgreiast grundigare kor tilsynsansvaret skal plasserast, mellom anna bør det vurderast om tilsynet bør leggjast til Helsetilsynet, og gjennomførast av Fylkesmannen.

- Til pkt. 22 Tilsyn med statlege barneverntenester

Fylkesmannen i Rogaland støttar forslaget om at tilsynet blir utvida til også å gjelde tilsyn med statlege tenester og tiltak. Fylkesmannen meiner det er rett at det blir utøvd tilsyn overfor heile tiltakskjeda. Dette er ein viktig garanti for rettstryggleiken for brukarane. Slik Fylkesmannen vurderer det bør tilsynsheimelen omfatte både lovfesta og ulovfesta statlege tenester og tiltak slik høyringsforslaget foreslår.

Med helsing

Tora Aasland  
fylkesmann

Pål Iden  
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent av Fylkesmannen i Rogaland og har derfor ikke underskrift.

Saksbehandler: Gunn Nylend  
Saksbehandlers telefon: 51 56 88 58  
E-post: [gunn.nylend@fmro.no](mailto:gunn.nylend@fmro.no)